

11.11.96

## Boka til Ulateig

# Motstands- kampen var ikkje skitten

Av Hallvard Hegna, Atrå

Eg har tidlegare skrivne ein artikkel i Aftenposten om vårt tilhøve til dei som var NS-medlemar under krigen. Det let seg gjera å ha forståing for kvifor somme kom til å hamne på den galne sida under krigen. Og eg hevda at mange av dei var alminnelege bra menneske, men at vi måtte setja ei grense ved dei som framleis meiner at dei ikkje var på tvilsame vegar.

Eg fekk positiv respons, blant andre frå ein frontkjempar som takka for artikkelen og gav uttrykk for kva han no meinte om Hitler og hans vesen. Eg trur difor at dei fleste tidlegare NS-folk ynskjer å vera ferdige med denne bolken av livet sitt. Då har vi råd til å gløyme og setja ein strek over det farne. Men det som Egil Ulateig har gjort med boka si, er å kalle fram att motsetningane og hatet frå krigstida. Han har gått ærendet til dei sjølvrettferdige gamle-nazistane og etterkomarar av desse, som har sitt talerøyr i organet Folk og Land.

Eg vil ikkje dermed ha sagt at vinnarsida ikkje kan ha noko å svara for; det toler vi godt å vedgå og kan seia oss leie for det. Men gjera freistnad på å setja heile saka på hovudet, slik dei hatefulle gamle-nazistane ynskjer, er meingslaust.

Som ung realskuleelev hugsar eg ein mørk og tung novemberdag i 1943 - i

ein liten by i Telemark. Det var grå slapsesnø i gatene, og på torget i byen kunne ein sjå overdekte lastebilar og tyske og norske politifolk i sine uhyggje-vekkjande uniformer. Folk som var vitne til dette, såg alvorlige ut; kjende seg utrygge og nedtrykte. Det hadde vore ei natt med massearrestasjonar i byen og bygdene omkring. Komen heim om ettermiddagen, fekk eg vita at også fleire frå mi eiga bygd var tekne. Og vi veit at dei som dundra på dørene nattestid og skreik med sine tyske kommandorøyser, dei hadde norske vegvisarar.

Noko slikt har ikkje Egil Ulateig opplevd, men han er ikkje uvitande om kva slag regime og makt som hadde valdtte oss den gongen. Dette burde ha teke frå han iveren etter å freiste framstille motstandskampen nærmast som ein skitten kamp.